

Utkast

Forskrift om vern av Herdla naturreservat i Askøy og Alver kommunar, Vestland fylke

Fastsett ved kgl. res. av xx.xx.202x i medhald av lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven), § 34 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på våtmarksområde og marine grunnvassområde som har særskilt betydning for biologisk mangfald. Det skal takast vare på trua natur og verdfulle geologiske førekomstar.

Dei spesielle landformane og dei enorme lausmasseavsetningane frå siste istid legg grunnlag for eit rikt og variert fugleliv med fleire trua og sårbare fugleartar. Området er viktig både som hekkelokalitet, rasteområde i trekktida og som overvintringsområde. Område med viktig næringssøks- og hekkefunksjon, både på land og i grunnvassområda, må gis eit særskilt skydd. For grunnvassområda gjeld dette både botn, vassøyle og vassoverflate. Det finst og trua naturtypar i området.

Det er ei målsetting å ta vare på og utvikle verneverdiane vidare.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Askøy kommune: 42/1, 42/4, 42/49, 42/77, 42/103, 42/104, 42/105, 42/119, 42/120. Alver kommune: 355/63 (Ringholmen).

Naturreservatet dekker eit areal på om lag 5,16 km², der 3,8 km² er sjøareal.

Vernegrensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i terrenget. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Askøy og Alver kommunar, hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som i går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.

- c) Det er forbode med hund i reservatet.
- d) Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, til dømes oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, akvakultur, havbeite, opplag av båt, campingvogner og liknande, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og andre formar for tørrlegging, uttak og lagring av masse, ny utføring av kloakk og annan konsentrert tilførsle av ureining og etterlating av avfall. Opplistinga er ikkje uttømmande.
- e) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- f) Bruk av dronar, undervassdronar, modellfly, dragar og liknande er forbode i heile verneområdet.
- g) Jakt, fangst og bruk av skytevåpen og fiske med garn og ruse er forbode.
- h) Camping, oppsetting av telt og kamuflasjeinnretningar og bålbreining (inkl eingongsgrill) er forbode.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær, nøtter og matsopp.
- b) Beiting.
- c) Drift av eksisterande jordbruksareal på innmark, herunder gjødsling, bruk av sprøytemiddel og vedlikehald av grøfter.
- d) Skjøtsel av kystlynghei på øyer og holmar i samsvar med skjøtelsesplan for området.
- e) Militær aktivitet i sjøforsvaret si forbodssone på Herdleflaket og øvingar og aktivitet i skyte- og øvingsfelt V-12 i Hjeltefjorden.
- f) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, stiar, gjerder, anlegg og innretningar.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsle til lands, inkludert landing og start med luftfartøy, er forbode.
- b) Flyging lågare enn 300 m over verneområdet er forbode
- c) Sykling, også med elektrisk sykkel, riding og bruk av hest er forbode.
- d) Av omsyn til fuglelivet skal ferdsle gjennom innmark (på Herdlevaleen) skje etter trasear som er avmerkt på kart og vist på skilt.
- e) I følgjande område merkt på vernekartet er all ferdsle, herunder padling, kiting og windsurfing, forbode heile året.
 - a. Eit område på land i området Prestvika-Urdneset. Området er merkt med A i vernekartet.
 - b. Eit område på vatn – Herdlaflaket. Området er merkt med B i kartet.
 - c. Eit område på vatn mellom Herdlevaleen og Lamøy. Området er merkt med C i vernekartet.

§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak knytt til ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyring.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorisert ferdsle knytt til jordbruksdrift jf § 4 b, c og d.
- b) Sykling, også med elektrisk sykkel, på vegen frå inngangen til reservatet i sør til Paddehola, vist på vernekartet.
- c) Naudsynt tilkomst med båt til hytte på Lamøy.
- d) Naudsynt tilkomst med båt i samband med jordbruksdrift på Lamøy

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsmyndigheten kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Felling av vilt som kan skade verneverdiane.
- b) Skadefelling av vilt i samsvar med viltlova og viltforskrifta. Løyvet må ikkje føre til vesentleg skade på verneverdiane.
- c) Fjerning av vegetasjon som ikkje er stadeigen.
- d) Oppføring, drift, vedlikehald og fjerning av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar.
- e) Naudsynt motorferdsel knytt til aktivitetar nemnt i § 4 punkt e og f.
- f) Vedlikehald og istandsetting av eksisterande kulturminne.
- g) Oppsetting av gjerde i samband med landbruksdrift.

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleikssyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 Forvaltingsplan

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltingsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltingsmynde etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

§ 12 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samtidig blir forskrift 28. juni 1985 nr. 1357 om fredning for Herdla naturreservat med tilliggende fuglelivsfredning, Askøy og Meland kommuner, Hordaland oppheva.

Bergen, xx.xx 202x.

Statsforvaltaren i Vestland

Soner med ferdsleforbod:

